

# Dukkemor

Minikolleksjon

Avsluttande  
eksamsoppgåve HSN

Design, Redesign,  
og saum av klede 2015/2016

Irene Fanebust Eknes





# Innhald

## 1 Innleiing

---

1.1 Kolleksjon.....	s 7
1.2 Inspirasjon.....	s 9
1.3 Designkonsept.....	s 15
1.4 Presentasjon.....	s 19

## 2 Rikke-kåpe

---

2.1 Designprosess .....	s 23
2.2 Dokumentasjonsfoto .....	s 37
2.3 Presentasjonsfoto .....	s 39
2.4 Teikningar på figur og flateteikning .....	s 41
2.5 Vurdering av design og produkt.....	s 43
2.6 Snittmønster.....	s 45

### 3 Anna skjørt

---

3.1 Designprosess .....	s 12
3.2 Dokumentasjonsfoto .....	s 12
3.3 Presentasjonsfoto .....	s 12
3.4 Teikningar på figur og flateteikning .....	s 12
3.5 Vurdering av design og produkt.....	s 12
3.6 Snittmønster.....	s 12

### 4 Amanda topp

---

4.1 Designprosess .....	s 12
4.2 Dokumentasjonsfoto .....	s 12
4.3 Presentasjonsfoto .....	s 12
4.4 Teikningar på figur og flateteikning .....	s 12
4.5 Vurdering av design og produkt.....	s 12
4.6 Snittmønster.....	s 12

## 5 Eva kjole

---

5.1 Designprosess .....	s 12
5.2 Dokumentasjonsfoto .....	s 12
5.3 Presentasjonsfoto .....	s 12
5.4 Teikningar på figur og flateteikning .....	s 12
5.5 Vurdering av design og produkt.....	s 12
5.6 Snittmønster.....	s 12

## 6 Lise

---

6.1 Designprosess .....	s 12
6.2 Dokumentasjonsfoto .....	s 12
6.3 Presentasjonsfoto .....	s 12
6.4 Teikningar på figur og flateteikning .....	s 12
6.5 Vurdering av design og produkt.....	s 12

## **7 Avslutning og vegen vidare**

---

7.1 Oppsummering .....	s 12
7.2 Vegen vidare .....	s 12

## **8 Litteratur-og biletliste**

---

# Innleiing

*«Å eg strever så med mine små, du!  
Tusen ting å tenke på, du!»*



## 1.1 . Kolleksjon

### Eigenskapar og materiale

Kolleksjonen *Dukkemor* består av 5 plagg, inspirert dukkene i diktet «Dukkemor» av Margrethe Munthe, foto av motefotograf Tim Walker og uttrykk av designer Sofia Knapp. Designelement er henta frå lokal tekstilindustri og er meint å gjenspegle eit mangfald i trådfargar og former frå gamle strikkemaskiner. Den grunnleggande paletten er halden i kontrasten mellom det raudde og grøne og mellom det kvitaktige og heilt mørke. Innslag av grå finn ein m.a. i for og lukkingar. Det einsfarga dominerer uttrykket, med brot av mønstra materiale i for og i underdelen av Eva kjole.

Konstruksjon av mønster er gjort ut frå grunnmønster i boka *Mönster och Konstruktioner för damkläder* (Öberg: 1999)



**Rikke ullkåpe** er sydd i lett ullklede, 100 % rein ny ull i 84 rosa, fora med økologisk bomull ((Skaar teknstil / Sonjas Textilateljer). Knappane er laga av elevar ved Osterøy vg, i rustfritt stål av overskotsmateriale frå lokal metallindustri. Vedheng i glidelås frå maskindelar frå Norlender A/S. **Anna skjørt** er produsert i to ulike typar økologisk bomull (Sonjas Textilateljer). **Amanda topp** består av økologisk sateng og fora i perlegrå 72% viskose/28%polyester (Sonjas Textilateljer /Skaar teknstil).

**Eva finkjole** er todelt. Skjørtdelen er sydd i lys brocade og livet i økologisk sateng. Foret består av i perlegrå 72% viskose/28%polyester (Skaar teknstil/ Sonjas Textilateljer). **Lise selekjole** er omsaum av ein stripebar nedressjakke og same knappar som i Rikke Ullkåpe.

3 av plagga har ein meir tydeleg statement-profil: Rikke -ullkåpe i sterkt magenta-farge og skulpturell form, i tillegg til utradisjonelle detaljar i metall. Eva finkjole er mest karakteristisk i høve til eit skulpturelt uttrykk og eit eksklusivt mønstra stoff. Lise seleskjørt skil seg ut ved å vere redesign av gjenkjennbare delar frå dressjakke. Som kontrast til resten av kolleksjonen er det maskuline bevart i dette plagget, for å fremje kontrasten i til det dukkeaktige og feminine i resten av uttrykket.

Plagga er tenkt å kunne fungere saman som heile antrekk, eller kvar for seg, kombinert med andre klede. Tanken er at ein skal kunne kle opp og ned plagga etter setting og bruksområde

### Produksjonsmåtar

Prototypane er laga i ei utgåve av kvart plagg. I ein tenkt framtidig produksjon, ser eg for meg ein kolleksjon i mindre skala, gjerne nummerert i seriar, utvikla og produsert i samarbeid med lokale bedrifter rundt Osterfjorden.

Alle nytta tekstilar er anten økologisk framstilt, produsert i Europa eller omsaum av brukte klede. Materiale og produksjonsmåtar er, så langt det har latt seg gjere, i tråd med prinsippa for «slow fashion» og med bærekraft som grunnleggande prinsipp. («Slow fashion» sjå figur 1,)

Fig 1  
<http://www.slowfashioned.com/about>



### Målgruppe

Kleda rettar seg mot unge kvinner mellom 20-35 år, som er opptatt av bærekraft i kvar og korleis gjenstandar er produsert. Visuelt er kolleksjonen tenkt for jenter og unge kvinner som tør å skilje seg ut, og som trivst i det leikande og fargerike. Kleda er formsydd og særleg designa for kvinner med kurver. Målet er at dei skal vere behagelig å ha på, samtidig som dei skal ha ei fast og elegant form.

## 1.2 Inspirasjon

Fire element har peika seg ut som viktig for idéutviklinga i prosjektet. Bilete av motefotograf Tim Walker, diktet «Dukkemor» av Margrethe Munthe, designuttrykk til den ungarske klesdesignaren Sofia Knapp og miljøet rundt tekstilindustri i Osterfjorden. Desse har danna grunnlag for estetiske og etiske val i høve til idéskaping og utvikling av konsept for eigen kledekolleksjon.

Mechanical Dolls " by  
Tim Walker for Vogue  
Italia, Okt 2011.



### Tim Walker



Tidleg i prosessen gav møtet med motefotograf Tim Walker sitt surrealistiske univers, sterke føringar for korleis designprosess og presentasjon skulle sjå ut. Serien «Mechanical Dolls» (2011) og

«Like a Doll» (2012), for motemagasinet Vogue, var ein spanande link mot eit meir leikande uttrykk i prosjektet.





Lindsey Wixson in "Like A Doll" by Tim Walker for Vogue Italia, Jan 2012. ([timwalkephotography.com](http://timwalkephotography.com))



I serien «Like a Doll», finn ein spennande kontrastar i frodige former og tynne modellar, mekanisk kontra det livlige og vitale, menneske i natur og manipulasjon med storleikar.

Generelt har eigen design vorte påverka av bileta sine reine fargar og eit naivt dukkeaktig snitt. Dei gav dessutan assoasjonar til 50 tals dukker og boka «Den store dukkeboka», der inspirasjonen til teiknemodellane vart henta. (Kvisgård 2009)

Tim Walker, «Inside-out» ([timwalkephotography.com](http://timwalkephotography.com))

Tim Walker , The Dress / Lamp Tree, Northumberland, UK  
L'Uomo Vogue, April 2004  
([timwalkephotography.com](http://timwalkephotography.com))



Stemninga i presentasjonsfoto av kolleksjonen, er m.a. henta frå Tim Walkers fotoserie «Inside-out» og Lamp «Tree».

## Dukkemor

Å, jeg strever så med mine små, du!  
Jeg har tusen ting å tenke på, du!  
Siden hodet gikk av gamle Rikka,  
må jeg alltid her alene gå, du,  
passe dem, du,  
alle fem, du,  
holde orden i mitt hus og hjem, du!

Det gikk enda an hvis de var bra, du!  
Huff, men ben og armer de går a ; du!  
Hodene er skrælle,  
på dem nesten alle,  
snart så må vi på klinikken dra, du!  
Tenk nå går, du,  
Evas hår, du!  
Etare ny parykk til jul hun får, du.

Se nå har jeg nettopp rasket klær, du,  
derfor har jeg dem i sengen her, du!  
De må ligge syke  
nå, mens jeg skal stryke,  
for de har så altfor lite hår, du.  
Ha dem pene,  
hele, rene,  
det er ikke greit for en alene!

Og så er den minste ikke snill, du.  
Hun vil slettes ikke sitte still, du.  
Tenker lille Lise  
må få litt avrise,  
for jeg skjønner nok at det må til, du.  
Mine små, du,  
plerer få, du,  
og jeg synes at det hjelper så, du!

Tekst: Margrethe

## Dukkemor

Dukkesporet frå Tim Walker gjorde at eg kom over «Den store dukkeboka». (Kvisgård 2009) Her fann eg først og fremst inspirasjon til å utvikle teiknemodellar. (sjå 1.3 Presentasjon), I tillegg vart eg merksam på Margrethe Munte sitt dikt «Dukkemor» som var sitert på eine sida. Brått byrja idear til ulike plagg å vise seg.

Diktet handlar om Dukkemor som prøver å holde styr på ein heller forfallen samling av 5 dukker. Bakteppe om å halde fasaden og å oppføre seg korrekt ligg som eit underliggende tema i kjent Munthe stil. Ho skildrar 3 av dukkene med namn og personlegdom. *Rikke* som den omsorgsfulle, *Eva*, med uregjerlig hår, og *Lise* som helst vil gjere som ho sjølv vil. Dei to andre dukkene er ikkje navngitt. Undervegs i prosessen har desse også fått si rolle i leiken: *Amanda* som den romantiske drøymande og *Anna* som må halde orden i hus og heim. Dei siste har fått namn etter modellane dei er sydd til.

## Tekstilindustri

I høve til val av materiale og ein evt tenkt produksjonsmåte for kolleksjonen, har fokus vore størst mulig grad av kortreist. Dei siste åra har etiske problemstillingar i tekstilbransjen vorte meir tydeleggjort. Arbeidsforhold i fattige industriland, miljøforureining i produksjon og eksport av tekstile materiale, har gjort brukaren meir bevisst på kvar og korleis klede er produsert. Gjennom Pinterest.com, kom eg over ein Londonbasert salsplattform for mote, kalla «Not Just a Label». Det er eit onlinebasert selskap, som knytta uavhengige designarar til aktuelle kundar. Produkta har det til felles at dei er lokalprodusert og at dei har fokus på bærekraft. I fylge Wikipedia opererer dei innafor det ein kallar «Slow fashion».

(<https://www.notjustalabel.com>) ([https://en.wikipedia.org/wiki/Not\\_Just\\_A\\_Label](https://en.wikipedia.org/wiki/Not_Just_A_Label))



Geografisk er eg busett midt i eit viktig område for norsk tekstilindustri. Gjennom jobb har eg i mange år hatt kontakt med fleire av desse bedriftene, særleg Norlender A/S på Osterøy. Strikkebedrifta strikkar og syr fleire av plagga lokalt, medan noko blir produsert i Aust-Europa.

Bygninga og inventaret er i seg sjølv verdt ei oppleving. Her finn ein ei herleg blanding av gamle og nye maskiner, haugar av vevde stoff, strikkestoff, tråd, band, oppevaringstraller i tre osb. Eksotisk plassert ved fjorden, med fargerikt interiør, er det alltid ein inspirasjon å komme inn i lokala. Konkret har dette vorte utgangspunkt for utforming av designen i ytre og indre konturar av plagga.

Særleg linjer og former i dei eldre maskinene, og nålene i strikkemaskinene. Trådsnellen minner om små modellar av kjolar, skjørt og toppar.




### Sofia Knapp

Ein av designarane knytt til «Not Just a label», er bulgarske Sofia Knapp. Biletserien under er frå «KNAPP The main collection S/S 2012. (<https://www.behance.net/gallery/4049493/KNAPP-Main-collection-SS-2012>).



Knapp rettar seg mot same målgruppe som *Dukkemor*. I fylgje nettstaden knapp.bg, er kjenneteikn ved første kolleksjonen «reine siluettar, minimalisme og einsfarga design». Dei har ein tanke om at kleda skal «fremje utradisjonell tenkning, retta mot unge kunstneriske kvinner mellom 22- 35». (<http://www.knapp.bg/info.html>)



Eigen fasinasjon går i retning måten designet kombinerer positiv og negativ form. I tillegg vil eg trekkje fram måten linjene føyer saman innsnitta med dynamikk og eleganse. Konturane framstår som stilistiske uttrykk av organiske former

Maskindelane og trådsnellene på Norlender, kan også minne om uttrykket i Knapp sin «The Post-war collection A/W 12/13». Særleg interessant er linjene i overgangar mellom ulike stoff, og kombinasjonen av tetsittande og meir volumiøse draperingar.




<https://www.behance.net/gallery/6180169/KNAPP-The-Post-war-collection-AW-1213>



## 1.3 Designkonsept

Tankekart til høgre oppsummerer mykje av inspirasjon og utgangspunkt for utvikling av designkonsept.


I presentasjon av kvart plagg, vil eg gå nærmare inn på detaljar kring designutvikling.

Dei neste sidene viser skisser av maskindelane frå Norlender som dannar grunnlaget for design av heile kolleksjonen.









## 1.3 Presentasjon

### Presentasjonsfoto

Frå starten har heilskap vore eit viktig mål. Kaoset i starten vart systematisert i idékart, plansjar, skisser og kollasjer i inspirasjonsheftet (sjå vedlegg). Som nemnt, trefte Walker ei nerve, som eg har ønska å formidle gjennom eige uttrykk. Oppvaksen på 70 og 80 talet, kjenner eg att mykje av stemninga i biletserien «Like a doll» og «Inside out». Å sy klede til dukker og skape små rom for dei i naturen, var ein viktig del av barndomen. For å binde det saman i ei historie ligg verselinjer frå «Dukkemor» sitt underfundige univers som grunnleggande teamtikk i biletserien.

Stad for fotografering er i eit kulturlandskapsområde på Osterøy, der eg kjenner att “bødane” frå eigen barndom. Fleire av rekvisittane som er nytta i fotoserien har ei historie knytt til seg, frå eigen eller famile og vener sin barndom. Ein omfattande innsamlingsprosess, eg håpar har gjeve ein ekstra dimensjon og stemning i bileta.

### Teiknefigurar og Styling

Dukkeuttrykket er vidareført i teiknefigurane. Figurane stilisert og oppdelt som marionetter, for betre å treffe målgruppa og vere meir i samsvar med former og proporsjonar til ei kvinne på 20-35 år. Kvar «dukke» har armane hengande i tråd, som ein liten referanse til tekstilindustrien .





Inspirasjon  
sark for  
styling



Personlegdom er inspirert av stilikon frå 1900-talet og forsøkt støypt inn i eit dukkeuttrykk i 50 tals-stil.



Dette har også vore utgangspunkt for styling av dei ulike «dukkene» for fotoshoot.



Styling er gjort i samarbeid med frisør Ann -Kristin Bolset og gode veninner.

# Rikke-kåpe

*«Passe dem du, du!  
Alle fem, du!»*



## 2.1. Designprosess


### Utgangspunkt



Val av plagg har samanheng med rolla Rikke har i «Dukkemor». Ho er den pliktoppfyllande dukka, som har i oppgåve å passe på dei andre. Dette er løyst ved at ho har blitt ei stor ullkåpe som skal beskytte dei andre plagga. Reint visuelt ligg mykje av inspirasjonen i strikkenåler frå strikkemaskin, kanskje mest tydeleg i lommene framme og i detaljen midt i ryggen. Forma på hetta er henta frå øverste delen av nåla, i haka. Referanse til mekanikken og til det lokalt produserte, er forsterka ved å ha sekskanta «mutter»-knappar i rustfritt stål, som er spesiallaga av Industriteknologi –elevar ved Osterøy vg.



Ullstoffet er meint å vere ein mjuk kontrast, både i stoffflighet og farge.





Tidlege skisser , for å leite fram hovudform









Tanken var å kombinere ullstoff, med restar  
av strikkestoff frå Norlender. Designelement  
frå maskindelar blir og meir tydeleg  
framover.





Hovudforma byrjar å setje seg. Framover er viser utforming og plassering av lommer og andre detaljar, i tillegg til justering av lengde og propos\rsjonar.















## 2.2. Dokumentasjonsfoto



### 2.3. Presentasjonsfoto

Foto av Anne Kolstad Morken, stylinasistanse Ann- Kristin Bolstad.



## 2.4. Teikningar på figur og plateteikning





## 2.5. Vurdering av design og produkt

I høve til målet om å vere eit stort beskyttande plagg, syns eg Rikke har mykje av dei kvalitetane eg var ute etter. Alle dei andre plagga kan skjule seg i kåpa. Formmessig er kåpa førande for særleg Anna skjørt og Eva kjole, med stort volum frå stuss til nedrekant og lavare baklinje enn framme. Eg syns og mange av dei designmessige detaljane frå maskinene kjem att i uttrykket. Særleg i lommene og skøytdelen i ryggen. Stikningane rundt saumer og ei lett tova ulloverflate, forsterkar referansen til tekstilindustrien.

Knappane, dannar ein fin kontrast til det mjuke ullstoffet og speglar mutterforma frå maskinene. Kontrasten mellom stål og ull finn ein og i vedhenget til glidlåsen. Det er ein berabeidd strikkenåldel, som er hovudforma i utgangspunkt for design. Kåpa hadde kledd ein grovare glidlås i metallfarge. Ut frå tilgjelig ressursar var dette noko eg ikkje fekk til i denne omgang.

Hetta kan kanskje opplevast som litt stor og tung, men ut frå tanken om at den skal vere beskyttande og noko ein kan gøyme seg litt i, er dette eit val som er gjort. Ein kunne kanskje hatt snorer i, men ut frå bruk av nemnte detaljar, kunne dette kanskje blitt for mange visuelle element. Hetta fell dessutan greitt rundt hovudet i si eiga tyngde. Lommene er kanskje litt lite funksjonelle, og er meir meint som eit dekorativ form. I høve til målgruppa, burde det vore ei eller to innerlommer der det er plass til mobiltelefon mm.

Kontrasten mellom inner og ytterstoff er dessverre ikkje vist på nokon av bileta. Foret er sydd i økologisk mönstra bomull. Det for å skape ein kontrast til det einsretta einsfarga stoffet på utsida og for at kåpa skal vere behagelig å ha på. Til å vere ein lunt plagg, vil kanskje eit tradisjonelt forstoff opplevast kaldare på huden.



I skissene er det prøvd ut kombinasjon med strikkestoff i armar og langs kantar. Dette vart veld vekk, då eg ynskte at kåpa skulle legge seg utanpå plagga under. Stramme armar ville ha skapa meir ubehag ved andre langarma plagg under. Strikkeplagg over hendene ville og ha sett uttrykket meir i retning fritidsklede, og mindre passande over t.d. Eva kjolen.

På modellen sit kåpa stort sett fint. Den kunne hatt litt lengre armar slik at dei hadde falle enda finare på hendene. I tillegg kunne den kanskje vore sydd litt meir inn i livet. Samtidig vil det då bli trangare å bevege seg i med plagg under.

Saumteknisk er kåpa stort sett sydd med god kvalitet. Stoffet buklar seg noko i mellomrommet mellom øvre og nedre del av høgre lomme. Mellomlegget i ryggen er også litt skeiv og kunne vore justert noko mot venstre side av ryggen

## 2.6 Snittmønster




# Anna skjørt

«Hold orden i mitt hus og hjem, du!»



### 3.1 Designprosess

Utgangspunktet for utforming av «Anna», er at det skal vere eit kvardagsskjørt. I dukke-kolleksjonen er «Anna», den som skal holde orden i hus og hjem, og treng eit praktisk plagg som også er «pent» i uttrykket. I maskinparken og i produksjonsmateriale på Norlender, er det eit hav av referansar til skjørtforma.



Mykje av utfordringa er å begrense og finne det rette uttrykket. I sluttpunktet er forma til venstre den mest sentrale for indre konturar og sømlinjer.












































### 3.2. Dokumentasjonsfoto



### 3.3. Presentasjonsfoto

Foto av Anne Kolstad Morken, stylinasistanse Ann- Kristin Bolstad.



### 3.4. Teikningar på figur og plateteikning







### 3.5. Vurdering av design og produkt

Anna skjørt er kanskje ein av plagga som sit best på modellen. Det er sydd i eit lett stretcha økologisk bomullstoff. Det forenklar kanskje det å få skjørtet kropps nært, men skapar samtidig store utfordringar i å få fine saumar i krumme linjer over stuss og mage. Stoffet buklar seg litt over stussen i dokumentasjonsfoto, særleg i sidene. Dette er ikkje så tydeleg i presentasjonsfoto. Materialet er kjøpt frå Sverige og var tenkt å vere eit fast stoff utan tøy. Når eg likevel valgte å bruke det var det for at den grove tekturen og den «glade» fargen passa godt inn i kolleksjonen.

Som nemt i innleiinga var det mange idear og utprøvingar i designprosessen. Når valet fall på sluttpunktet, var det graden av likskap til Rikke i hovudform og i indre linjer og stikningar. Det kunne vore designa meir i retning Eva med legg og foldar, men tanken er at det skal vere ein kontrast til festkjolen, i det kvardagslege og reine. Av same grunn er knappane og valgt vekk som dekorelement i høve til siste skisse. Falder ville og skapa problem i stretchstoffet.

Det eg er særleg nögd med er korleis saumlinjene dannar ei rørsle frå midt bak på glidlåsen, via sidesaumane, og heilt ned til nedre skjørtekant framme. Ein kan tydeleg kjenne att formeelementa frå maskindelane. Skjørtet passar og formållet og kan lett vaskast i maskin. På den andre sida tiltrekker den lett lodne overflata til seg mykje støv og skitt.

Kontrasten mellom mønstra for og einsfagra ytterstoff er heller ikkje tydeleg i Anna-bileta. Som i Rikke er foret sydd i økologisk bomull av same grunn: For å skape ei behageleg taktil overflate mot huden. Saumteknisk er foret lappa i saman rundt glidelås. Første klipping vart for liten og det var ikkje nok stoff til nye delar. Reint praktik kan det hende at foret vil trekke seg litt oppover mot livet. Skjørtet er stramt over stussen og foret er ikkje glatt. Det har ikkje vore eit problem i den grad det er brukt i fotosamanheng, men ved langvarig bruk, kan det kanskje bli eit irritasjonsmoment.



## 3.6 Snittmønster



# Amanda-topp

*«Ha dem pene,  
Hele, rene»*




## 4.1 Designprosess




«Amanda» er den romantisk drøymande og som treng ein kort kroppsnaer topp, som skal kunne nyttast til kvardags og fest. Den skal vere behagelig og kunne nyttast til bukse og til skjørt.

Designmessig er toppen kanskje den av plagga som er mest inspirert av Sofia Knapp sine reine snitt og spel mellom positiv og negativ form.



Formelement er henta frå strikkenåler og plagget er sydd i eit mjukt litt glansa økologisk sateng.






























## 4.2. Dokumentasjonsfoto



### 4.3. Presentasjonsfoto

Foto av Anne Kolstad Morken, stylingasistanse Ann-Kristin Bolstad.



#### 4.4. Teikningar på figur og plateteikning





## 4.5. Vurdering av design og produkt

Saumprosessen rundt Amanda har bydd på ein del utfordringar. Mange av skissene er kanskje meir spennade enn sluttresultatet, særleg i høve til målet om å leike seg med mellomrom og positiv/negativ form. Skissa til høgre er eit døme på dette.



Val av stoff har imidlertid lagt føringar for at linjeføring og særleg ytre konturar ikkje bør ha for mange krumme element. Vliselin er med og bygger oppunder forma, men i illustrerte skisser måtte denne då ha fylgt heile forma. Det hadde skapa eit mykje stivare uttrykk enn det som var målet. Alle plagga, har som nemnt, ein grunnleggande tanke at dei skal vere behagelig å bruke.

Andre skisser viser meir spel i saumlinjer av indre konturar. Det hadde fungert fint med dette stoffet, men igjen er det møtet mellom hud og stoff som blir eit sentralt verkemeiddel. Valet fall difor på eit enklare snitt, men ei skisse der ytre linjer er viktig for uttrykket.

Det som kanskje og er spesielt med forma er kraga, som blir ein mellomting mellom tradisjonell blusekant og ein meir middelalderkrage frå Askepott. Utgangspunktet var at sluttresultatet skulle vere meir som skissa nedst til høgre. Ein klippefeil gjorde at halsutringa vart meir bua bak. Me lite stoff tok designprosessen ei ny vending. I ettertid vurderer eg det slik at sluttresultatet har meir slektskap med resten av kolleksjonen enn den meir tradisjonelle skissa over. Askepottreferansen forsterkar også dukkeaspektet. I frofil dannar det seg ein fin linje frå midt på skuldra og opp mot hårfestet. For at det ikkje skal bli for søtt i uttrykket, har alle vertikale saumar dobbelstikning, utanom sidesaumane.

Saumteknisk er det ein del folder som ikkje går heilt bort, særleg i krappebuar framme og bak. Stoffet har vridd seg noko i vrangsaum. Mykje er retta opp ved stryking, men noko står framleis att. Det er vanskeleg å sei om det hadde vorte betre med eit anna stoff, sateng er som sagt veldig mjuk og drar seg litt under syng. Med meir trening, ville det nok la seg gjere å få resultatet betre i same stoff.

Plagget sit stort sett fint på modellen. Der eg ville justert er over skuldrene, og særleg høgre skulder, der stoffet buklar seg og ligg litt laust over ryggbuen mot armen.





## 4.6 Snittmønster



# Eva-kjole


*«Evas hår, du!  
Bare ny parykk til jul hun får, du!»*



## 5.1 Designprosess


Ideen bak «Eva» var å lage ein skulpturell finkjole inspirert av fotografert Tim Walkers foto av ein Dior-kjole. Den skulle ha eit visst preg av noko surrealistisk og overdreve, som «prinsessa» i dukkeflokken. Samtidig er tanken at kjolen skal vere behagelig å ha på og kunne gli inn i eit selskap blant andre finkledde.

Kjolen er todelt for å kunne få fram ein stor skjørt-del. Undervegs i prosessen er delane i ulikt stoff og farge. Underdelen er sydd i eit stormønstra brokadestoff og overdelen i same einsfarga sateng som i «Amanda». Dette for å få binde saman kolleksjonen betre og roe strukturen i stoffet som vender opp mot andletet.



Designelement i ytre kontur er henta frå trådsneller og maskindelen som heldt trådsnellene på plass i strikkeproduksjonen på Norlender. I dei fleste skissene finn ein same helling nede bak som «Anna» og «Rikke».

Form og inndeling på overdelen er jobba ut frå same uttrykket av strikkenåler som i Amanda. I teikneprosessen er dette designelement som er prøvd ut i heile kjolen.







Dei første skissene  
har utfgangspunkt i  
to Dion-silkestoff.  
Stoffet vart for lite  
hald i og fargen gav  
lite til plagg og hud.





















Dei neste  
skissene prøver  
ut ulike variantar  
der satengstoffet  
er delt inn i felt,  
blanda med eit  
transparent  
stoff.

Dette for i  
sterkare grad å  
få fram  
strikkennål-  
designelement.









Dei siste  
skissene  
har  
forenkla  
uttrykk i  
overdelen,  
for å finne  
ein presis  
og enkel  
hovudform  
  
I mønster-  
konstruksjo-  
nen har  
forholdet  
mellan dei  
ulike  
delane i  
livet endra  
seg mot  
sluttresul-  
tatet





## 5.2. Dokumentasjonsfoto



Nb! Midt- bak- biletet er henta frå innprøving,, då av midt-bak under dokumentasjonsfoto er kome vekk

### 5.3. Presentasjonsfoto

Foto av Anne Kolstad Morken, stylingassistanse Ann-Kristin Bolstad.



## 5.4. Teikningar på figur og plateteikning





## 5.5. Vurdering av design og produkt

Uttrykket av det skulpturelle, dukkeaktige er noko ein kan kjenne att i sluttpunktet. Det er først og fremst den stive kvaliteten i stoffet som heldt på plass forma, og som støttar innsnitta. For å få dette enda betre fram, kunne ein ha nytta meir stoff og laga større innsnitt. Då ville kanskje foldene ha lagt seg enda finare nedover skjørtekanten. Samtidig ville kjolen ha blitt veldig tung å bære, og meir upraktisk å bevege seg i. Noko av det pikeaktige ville kanskje og drukna i uttrykket. Produksjonsmessig ville dette grepset også fordyna kjolen mykje, då framside og bakside er sydd i kvar sin lengdemeter, i full breidde. Ein måtte og ha skøyta stoffa, som ville skapa brot i flyten av stoff og mønster.

Det eg syns fungerer er hellinga bak. I profil, dannar det ei fin linje nedover, og forsterkar tyngden bak, der tre folder skapar større volum enn dei to framme. Lengden på saumen i innsittet midt bak er lengre for at folden i sidene midt, skal skape meir volum. Her kunne det kanskje vore større kontrast for å forsterke effekten. Todelinga av stoff er heldig på dn måten at det skapar ein heilskap i kolleksjonen og særleg mot Amanda. Det skapar og ein ro mot andletet og forsterkar designelementet frå trådsnellebæraren i skjørtet. For å binde saman stoffa i kjolen, er det valgt brokade på baksida av livet og i saumane på framsida av livet. Kontrasten i kvaliteten på stoffa skapa store utfordringar i saumprosessen. Sateng krøllar seg lett, og er mykje mjukare og tynnare enn brokaden. Konturen av kraftige saumrom visar gjennom på framsida. Ved å bruke forstoff eller sateng på baksida ville livet det saumtekniske kanskje fungert betre, men då mest sansynlig på bekostning av det skulpturelle og stive i heilskapen.

Målet har vore at skjørtet skulle vere det dominante og toppen mindre og meir som ei smal linje øverst. Med ein modell med former, har dette skapa utfordringar og mange liv har vorte sydd. Resultatet er blitt eit kompromi av eit meir tradisjonelt liv, sydd i eit empiresnitt.

Modellen har eit kort liv, som fort kan få eit fortetta uttrykk i eit slikt snitt. På presentasjonsfoto har ikkje modellen nytta BH og livet ser litt nedtrykt ut, særleg i profil. Det dannar seg og ei fold i huden mellom øverste stoffkant og armhola. Modellen i

presentasjonsfoto har ikkje denne folden. Det kan tyde på at forma skulle vore endra og hatt betre rom i øverste delen av livet. Dette vart justert mykje i saumprosessen og utfordringa var at det måtte vere stramt oppe for at linjer og stoff på sidene skulle falde fint. Det kan og vere at det hadde fungert betre med ein brysthaldar, som modellen i presentasjonsfoto.

## 5.6 Snittmønster



# Lise-seleskjørt

«*Og så er den minste er ikke snill, du!*

*Hun vil slettes ikke sitte still, du!»*



## 6.1 Designprosess

Lise er den som skil seg ut både i dukkeflokken og val av metode for design og val av materiale. Eg har tolka Lise som ei meir rocka “Westwood”- jente/dukke. Med dressjakke som hovudplagg vil eg prøve å skape eit “Tomboy”-aktig skjørt/kjole, og spele på kontrastar mellom det maskuline og feminine.

Designprosessen tar utgangspunkt i gjenbruk av desse hovudplagga.





Utprøving av kragen er det  
viktigaste designelementet.



Korleis utnytte «kjende» linjer i nedre kant av dressjakken?





Dressjakke som skjørt med  
overdel. Korleis utnytte klippelinja i  
armane?



I kombinasjon med det gule  
skjørtet..



Heile dressjakken er trekt ned i skjørtet.



Innerdel av armane nyttas som  
seler



Ulik form på ryggen av skjørtet, med utprøving av foldeeffekt i skjørt





Utprøving av form på seler  
og skjørt som kjole, i  
kombinasjon med kjole.



## 6.2. Dokumentasjonsfoto



### 6.3. Presentasjonsfoto

Foto av Anne Kolstad Morken, stylinasistanse Ann- Kristin Bolstad.



## 6.4. Teikningar på figur og plateteikning







## 6.5. Vurdering av design og produkt

Lise seleskjørt er det plagget modellane syns var mest ”gøy”. Sidan metoden er redesign har den største utfordringa vore finne formelement i basisplagget, som heng saman med resten av kolleksjonen. I dressjakken fann eg nokon av desse elementa i krage og i nedre kant. Ved å dele opp plagget fann eg og liknande linjer i armane. Dette er basis for utprøvingane.

Målet var å spele på kontrastar mellom det feminine og det maskuline, og framstille Lise i eit meir rampete uttrykke enn dei andre plagga. Det feminine er kanskje mest tydeleg i linjene i ytre konturar. Det maskuline ligg i stoffet og detaljar som er bevart frå dressjakken i knappar og lommer mm. Metallknappane forsterkar kontrasten til mjuke linjer. I tillegg er desse ein referanse til Rikke. Folden bak er skapa for å utnytte stoffet best mogeleg i forming av volum midt bak som i Rikke og Anna.

Valet av innsnitt er og ein tråd mot Eva. I presentasjonsfoto er underskjørt og overdel frå utprøvingskjolen nytta for å forsterke kontrasten, men også å gje støtte til forma.

Selane er valgt for forsterke det rampete, i spegling mot eit unggutte-uttrykk. Skjørtet kan også nyttast utan seler, der kanten midt bak kan knappast ned, for å skape eit meir rolig og enkelt uttrykk.



I høve til modellen har skjørtet ein grei passform. Linja over lårerne framme er kanskje litt kort. I ein vidare utvikling kunne dette kanskje tilpassast ved å bruke lengre armar frå ein større jakke. Samtidig har det vore eit poeng å utnytte alt stoff i eit einskild plagg. I breidda og lengda bak, har basisplagget passa godt til forma. Midt bak dannar det seg litt folder, noko som tyder på at det skulle vore sydd litt meir saman i linja bak. Avstanden mellom selane bak skulle og vore kortare. I bruk dett selane lett nedover skuldrene. Kragen som er nytta midt bak, måtte då vore korta inn på midten, for å behalde konturane i ytre linjer. Foto til venstre viser at det skjørtet kunne kledd ein enkel sele bak, men då forsvinn noko av tanken med å bruke *eitt* plagg og dei sekskanta kneppingane. I tillegg vinglar endane fort ved bruk, når det berre er eit feste.



Kombinasjonen med fleire plagg har og kvalitetar det kunne vore spennande å prøve ut, men gjennom prosessen fann eg ut at dette fort vart mykje krangling mellom "sjefar". Isolert sett vurderer eg kanskje skissene med kombinasjonen til foldeskjørtet med mest potensiale. I konseptet vurderte foldene til på bryte for mykje med heilskapen.

I farge og mønster passar den blomstrete kjolen godt inn i dukkemor-paletten. Formmessig vart det for lite å jobbe med i høve til utgangspunket. I presentasjonsfoto er det som nemnt likevel teken for å utnytte desse eigenskapane og tilføre dette til heilskapen.

Saumteknisk har eg prøvd å bevare mykje av kvalitetane i saumar og detaljar ved originalplagget. Det fungerer stort sett greitt. Der det kunne vore løyst meir elegant er i venstre sidesaum, der kantane overlappar kvarandre i ein dobbel stikning. På innsida har dette folda seg og framstår ujamnt. På utsida kunne stikninga vore lagt litt lenger inn på stoffa, for å forsterke effekten av overlapping. Når det likevel er lagt slik var det for å unngå at det vart for stor sprik i saumen, sidan skjørtet er trangt over stussen. Saumen bak ved kraga er og ujamn. Denne har blitt forsøkt sydd om mange gonger, men stoffa og at det

er sydd på vranga har gort at eg enda ikkje har truffe den rette linja. På grunn av måten foret er sydd saman på innsida, dannar det seg foldar, særleg på eine klaffen framme.

## Oppsummering og vegen vidare

*Det er ikke greit for en alene*


## 7.1. Oppsummering

Gjennom oppgåva har eg vist til inspirasjon, konseptutvikling, designprosess, dokumentasjons- og presentasjonsfoto og vurdering av kvart plagg.

Den største utfordringa i prosjektet har kjanskje vore å halde ein raud tråd. Som tankekartet viser, er oppgåva bygd på veldig mange idear og ynkjser. Problemet har vore å ta val og trekke ut essensen i det som er viktig. Konsept og presentasjon er mykje vektlagt alle plagga er bygd rundt dette. Tim Walker har heile vegen vore den store inspirasjonen, som andre idear har sprunge ut frå. Faren ved å reindyrke konseptet i så stor grad som i denne kolleksjonen er at folk blir meir oppteken av biletta enn av plagga.

I motsetnad til Tim Walker har eg valgt å fotoshoppe biletta noko. Det har ein samanheng med at noko av sminka hadde blitt forringa i fotosesjon og at nettopp det dukkeaktige og litt eventyraaktige skulle gå som ein raud tråd i serien.

Designmessig kunne plagga kanskje vore meir utvikla og gjennomtenkt, ved meir dveling og utforsking ved kvar del. Gjerne knytt opp mot linken til Sofia Knapp. Samtidig innanfor gitte rammer, er dette ein prototypeserie med potensiale til å kunne bli noko meir.





I høve til utgangspunktet om eit surrealistisk univers kunne kanskje plagga også vore meir eksperimentell i uttrykket. Både i fargeval og detaljar. Dette er prøvd ut i nokon av skissene. Samtidig kan det fort bli for mykje, at plagg og presentasjon kranglar. I Walker sitt univers er det også slik, at det er omgjevnader og uttrykket i modellane som skapar det surrealistiske. Plagga er ofte meir rein i uttrykket.

Val av plagg og uttrykk er kanskje for mykje prega av «Dukkemor» -diktet. Ut frå målgruppa kan det vere eit problem at nokon av plagga kan bli litt for naiv og dukkeaktig i uttrykket. Eg tenker kanskje særleg på Rikke og Eva.. På den måten kunne designen kanskje nettopp vore laga i mindre format til små jenter. Samtidig, ved å gjere det, mister du dei frodige formene og kurva linjene, som utgjer ein viktig del av uttrykket. Den grunnleggande tanken om det bærekraftige, og at ein evt produksjon er tenkt i små seriar, vil forhåpentligvis kunne trekke til seg kundar som vektlegg det som er litt annleis. At dei kjenner seg att og «kjøper» i heile konseptet.

## 7.2. Vegen vidare

I høve til å skulle kunne produserast med tanke på sal, har prototypane enda mykje å gå på. Der eg har støtt på problem i det saumtekniske, vil ein nok måtte gå gjennom mönsterkonstruksjonane fleire gonger. Kanskje forenkle, kanskje vere meir nøyaktig i klipp og saum. Designmessig må det kanskje og forenklast noko, ferre delar og betre utnytting av stoff i kvart plagg. I eit berekraftig konsept ville eg ha nytta meir tid på å finne gode materiale og produksjonsmåtar. Maskinformen har enda meir å gå på og mange fleire plagg kunne utviklast med utgangspunkt i dette. Som eg skriv i innleiinga kunne dett gjerne også vore gjort i samarbeid med ein relativ sterkt teknologisk industri i nærområdet.



# Litteratur-og biletliste

*For jeg skjønner nok at det må til, du!*



## Biletliste

<https://www.behance.net/gallery/4049493/KNAPP-Main-collection-SS-2012>

<http://trendland.com/mechanical-dolls-by-tim-walker-for-vogue-italia-october-2011/>

<https://www.timwalkerphotography.com>

## Litteraturliste

Kvisgaard, Karin, Solveig Otlo (2009) Den store dukkeboka : norske dukker 1770-1970],  
Samler & antikkbørsen

Øberg, Inger, Hervor Ersman (1999) Mönster och konstruktioner för damkläder.  
Natur og kultur